



Helge, May Grete og Terje foran Rådhuset.

1. mann på lista: Terje Askeland, kokk, klubbformann på Touring, nestformann i Hotell- og Restaurantarbeidarforeninga i Haugesund. 27 år, gift, 2 ungar. Adresse: Dikterveien 13c.

«Det må bli slutt på at me som høyrer til lågtlønsyrka skal nøya oss med lite. Etter at lønsstoppen er slutt må me få eit skikkeleg tillegg. Kjem eg inn, vil eg vera småkårsfolka sin mann i bystyret, ingen sak er for liten eller for stor for oss. Me vil dra ting fram i lyset. Ta kontakt med oss!».

2. plass: Helge Holgersen, 27 år, fagorganisert i Bygning.

«I sommar var eg med på protestane i Alta mot utbygging av Alta-Kautekeino-vassdraget. La samane sjøl få avgjera i sitt eige område. I Haugesund må me gå mot jordøyding og svære motorvegar».

3. plass: May Grete Rasmussen, husmor, gift, 2 ungar.

«Det er på tide at me får inn ein stødig representant som kan reisa kampen mot auking av dagheimssatsane go for fleire plassar». Nazismen reiser seg igjen, det var RV som måtte anmelde dei anonyme løpesetlane for rasisme, me går inn for forbod av partiet til Blucher, kva han nå måtte kalla det».



STEM RAUD VALALLIANSE



Syns du oljeselskapa tjene så mykje at dei kan betala kaiane sine sjølv?

Syns du det er ei skam at me har kommunale slumområde?

Syns du rederiforeninga skulle vore nekta å asfaltera leikeplassen ved biblioteket?

Syns du bussane skulle gått oftare?

Syns du nokon må gå mot ei euke i dei kommunale avgiftene?

SYNS DU ME TRENG EIN UREDD TALSMANN I BYSTYRET?

Ja, då har du 6 gode grunnar, og les du heile programmet skal me gje deg fleire gode grunnar for å stemma **TERJE ASKELAND**, 1. mann på RV si liste inn i bystyret.

KVEN SÅR – KVEN HAUSTAR?

Haugesund kommune får 97% av inntektene sine frå personlege skattytarar, 3% frå sjølvstendige næringsdrivande og aksjeselskap. Det er altså me som held Hauge-sund i gong.

Men kven må stå i boligkø, og kven må bruka storparten av løna til bu-utgifter? Kven blir arbeidslause? Kven må slutta å jobba fordi kom-munen byggjer for få dagheimar? Samtidig brukar kommunen 24 mil-lionar kroner i utbygginga av Kil-lingøy-moloen, i von om at penge-sterke oljeselskap vil ha kaien. Det er 1000 kroner pr. innbyggjar, meir enn 300 dagheims plassar. Dette ville gitt alle som søkte plass, og fleire arbeidsplassar enn ein nokon gong kan få på Killingøyprosjektet. Det er storkapitalen som rår i Hau-gesund. Vanlege folk betaler gildet for dei, men har ingenting å seia.

VEKK MED ARBEIDSLØYSE – OLJEARBEIDSPASSAR NÅ!

Arbeidsløysa stig og stig i Haugesund. Sentraliseringa kring Stavanger må stoppast, ingen nye oljearbeidsplassar til Sta-vanger. Oljevernberedskapen må byggast ut, utprøving og pro-duksjon må leggast ved Havarivernskolen. Tekoindustrien er rasert i Haugesund, det trengst et krafttak i frå kommunen for å skaffa fleire arbeidsplassar for kvinner. Kommunen må bygga dagheimar, leikeplassar, gang- og sykkelstiar. Det må og tilset-jast nok folk i sosialektoren, m.a. heimehjelparar.

Arbeidarane må sjølv kjempa for arbeidsplassane sine, og ikkje lita på at pampane i kommunen og fagrørsla ordnar opp.



Killingøymoloen.

Her ligg 24 millionar kroner – ei gåve til oljeselskapa. Vil dei ha ho?



RAUD VALALLIANSE

Boks 1067, Rossebø
5501 Haugesund

VEKK MED KOMMUNAL SLUM

«Kommunegården» må pussast opp, det vil si det må setjast inn doble vindu, isolera veggene og åp-ne kloakkar må lukkast. Andre kommunale husvere må og pussast opp til eit forsvarleg nivå. Det er stor mangel på tomter, kommunen må legga ut fleire byggefelt. Byg-ging av eldrebustadar må priorite-rast opp.

FOR EIT MENNESKELEG TRAFIKKMILJØ

Innfartsvegen langs blokkene i Austmannavegen må stoppast. By-styret har lenge planlagt innfartsve-gen her, men har trass i dette gitt løyve til kosentrert blokkbebyggel-se, dette er ein skandale.

Ungar må beskyttast mot trafikken, over- eller undergangar må lagast raskt. Busstilbudet må byggast kraftig ut, prisane ned, og barn under skolepliktig alder må reisa gratis. Ikkje fleire, men færre bilar i sentrum. Ikkje parkeringshus bak Posthuset. Riks-veg 14 må ikkje bli motorveg.

GRATIS DAGHEIM TIL ALLE BARN. MOT PRISAUKE PÅ 20%

Åpningstidene må utvidast. 3, ikkje 2 på kvar avdeling. Fleire dagheims plassar. Mot kristen formålsparagraf. Bygg fritids-heimar. Alle ungdomar må få tilbod om plass på skule eller arbeid. Antall lærlinge plassar må aukast, kommunen må setja i gang arbeid. Ungdom som går arbeidslause må få arbeidslause-pengar. Eit Estrella i kvar bydel. Rideklubben må få ein ny plass av kommunen. Bil og motorsykelinteressert ungdom må få eit motorsenter. Ingen nye bydeler må byggast utan fritidstilbod til alle. Ikkje parkeringsplass på Flotmyrbanen.